

## **Imslandsbuar på gullgraving i Alaska.**

Gullgruvene i Nome, Alaska var i drift frå 1899 til 1909. På det meste hadde Nome ei befolkning på over 20000. Mange av desse gullgravarane hadde kome til Nome frå Klondike. I folketeljinga for 1910 var det berre ca 2600 igjen.

Det er mogleg å finne gull i dette området den dag i dag.

Den totale produksjonen var ca 112 tonn gull.



Nome, Alaska 1907.

### **I 1908 reiste fire Imslandsbuar frå Seattle til Nome i Alaska for å vere med på gullgravareventyret.**

Dette er eit utdrag frå historien som Ole J. Kvaløy fortalde då han var 75 år i 1957.

8. mai reiste Ole J. Kvaløy (farfar til bl.a. Bodhild Hustveit), Lars Hustoft (bror til mi farmor), Olaus Skipevåg (bror til min farfar) og Konrad Skipevåg (bror til Johannes Skipevåg, og dermed onkel til bl.a. Gerd Borgny)

Dei var passasjerar på skipet, "Transitt". Turen til Nome i Alaska var berekna til å ta 8 dagar, men mykje drivis på vestkysten av Alaska gjorde at det tok 28 dagar.

Styrmannen overtok roret etter nokre dagar. Lett til sinns av sterk drykk manøvrerte han skuta dørge i eit isfjell. Det blei hol i baugen, men skipet hadde vasstett skott og lasta var sement, så mannskapet fekk tetta holet nokolunde.

Skipet hadde berre proviantert for 8 dagar, så det blei matmangel, men dei fekk til slutt proviant frå eit anna skip og fram kom dei.

I Nome blei karane innkvarterte i store sjøhus. Arbeidet var hardt, men dei tente meir enn i Seattle.



Kysten rundt Nome besto av grunne strender, vanlege havner eksisterte ikkje. All frakt til og frå skipa gjekk med taubanar.

Oppgavene var alt frå lossing av kol, til graving av grøfter som skulle lede vatnet til utvasken av gullet. Mykje insekter var det og, så dei måtte arbeida med moskitonett og hanskar.

Lasting av gull ombord i skip var og ein del av jobben. Dei største gullblokkene var ca ein fot i firkant og var verdt ein million dollar pr stk.

Lastinga var strengt bevokta. Gullblokkene var innsydde i sekkeøy med ei 20 favnar lang line og ein flytekagg i enden, då kunne det vere mogleg å finne dei att om båten skulle havare.

Kor lenge gullgravartida varte for Imslandsbuane, seier soga ingenting om. Det var sikkert denne eine sesongen. I 1909 var gullrushet i Nome over.

Kva skjedde vidare med dei?

Ole J. Kvaløy returnerte til Norge i 1909 og gifta seg med Brita Aksland. Dei overtok ein part av Aksland som fekk navnet Åsland. Der budde dei resten av livet. Sonen deira Jens Åsland overtok garden. Dottera hans Ingunn Lise og mannen Sigmund Espevold har den i dag.

Lars Hustoft blei verande i USA og jobba både på slakthus, med skogsarbeid og som sporvognsførar. Lars var og soldat i 1. verdenskrigen. Han døydde som ungkar i Seattle i 1939. (57 år)

Olaus Skipevåg blei og verande i USA i ca 30 år. Han hadde og forskjellig arbeid i og rundt Seattle. Kom til Norge som sjuk mann (visstnok syfilis) i 1934-35, og budde nokre år hjå søstera Anna Gryte i Vikjå i Skipavåg til han døydde i 1939 (60 år).

Konrad Skipevåg blei verande i Seattle USA. Han døydde 30 år gamal av lungebetennelse der borte i april 1918.

LBOS2015